



Statens vegvesen

Bjørn Ingvar Eidsheim
Hindenesvegen 181
5993 OSTEREIDET

Behandlende eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Unn Jenny Utne Kvam / 55516243	Vår referanse: 15/207206-3	Dykkar referanse:	Vår dato: 21.12.2015
------------------------------------	---	-------------------------------	-------------------	-------------------------

Førehandstilsegn – mellombels avkjørsle – velteplass for tømmer – gnr. 242 bnr. 1 – Lindås kommune

Vi viser til e-post med vedlegg frå Lindås kommune v/ Nils Kaalaas, motteken 06.11.2015, og tidlegare korrespondanse i saka. Vi viser også til telefonsamtale med Nils Kaalaas 14.12.2015 der det vart avklara at klage motteken 18.06.2015 vert trekt, og at Statens vegvesen i staden handsamar ein revidert søknad om mellombels avkjørsle.

Det vert søkt om å etablere ei ny mellombels avkjørsle til velteplass for tømmer på same stad som det i dag ligg ei mindre landbruksavkjørsle. Søknaden inneber at det vert søkt om å endre dagens permanente avkjørsle til ei mellombels avkjørsle. Innvilging av søknaden vil såleis medføre at landbruksavkjørsla som ligg der i dag vert avvikla.

Etter ei samla vurdering av denne konkrete saka, har Statens vegvesen konkludert med at vi kan akseptere opparbeiding av ei mellombels avkjørsle for uttak av tømmer sjølv om fjell/berg langs vegen hindrar at krav til frisikt er oppfylt. For å avbøte manglande frisikt, er det eit vilkår at bruk av avkjørsla berre kan skje i kombinasjon med arbeidsvarsling med trafikkvakt på motsett side av fylkesvegen.

I brevet motteke 06.11.2015 vert det føreslått at når drifta er over, stengjer ein avkjørsla fysisk på ein måte som vegvesenet kjem med framlegg om. Som opplyst på telefon, er det av omsyn til trafikktryggleiken viktig å unngå at areal i tilknyting til avkjørsla vert nytta til parkering langs fylkesvegen, då frisikt/bakoversikt langs vegen ikkje er tilfredsstillande. Det vert derfor sett som vilkår at etter at perioden for mellombels bruk er over, skal avkjørsla stengast fysisk gjennom opparbeiding av grøft langs fylkesvegen.

Det er i brev frå Lindås kommune skissert at det kan kome ei ny skogsdrift om 5–10 år, og deretter om ca. 30 år. I samband med desse tømmeruttaka vil det vere behov for å søkje om ei ny mellombels avkjørsle.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Vedtak

Med heimel i veglova §§ 40–43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan pårekna mellombels bruksløyve til ny avkøyrsle for velteplass for tømmer i inntil 4 veker under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: fv 395 – hp 1 – km 3,563 /gnr. 242 bnr. 1 i Lindås kommune..

Vi gjer merksam på at tilsegsna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere ferdig bygd i samsvar med vilkåra nedanfor, og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innan 3 år frå datoén på dette vedtaket, elles fell tilsegsna bort.
2. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippskisser og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg*, som ligg på lovdata.no.
3. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nyte same avkøyrsle.
4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla er målt til å vere 57 m i retning sør og 65 meter i retning nord. Eventuell vegetasjon eller andre lause gjenstandar som hindrar frisikt vidare til 100 meter i begge retningar skal fjernast.
5. Bruk av avkøyrsla kan berre skje i kombinasjon med arbeidsvarsling med trafikkvakt på motsett side av fylkesvegen. Trafikkvakta skal kunne sjå minimum 100 meter langs køyrebanen i begge køreretningane. Detaljar knytt til slik arbeidsvarsling skal avklarast i ein arbeidsvarslingsplan.
6. Svingradius skal vere 12 meter (diameter 24 meter), med overgangskurve 2R–R–3R. Svingradius skal markerast tydeleg med betongkant, grøft eller annan avisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 5,5 meter.
7. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
8. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.
9. Under avkøyrsla må det leggjast dreneringsrøyr, minimum 300 mm i diameter, med eventuelt nødvendige kummar.
10. Like ved avkøyrslepunktet ligg det ei stikkrenne under fylkesvegen (innringa i biletet nedanfor). Endring av avkøyrsla må ikkje forringe stikkrenna. Avkøyrsla bør trekkast

minimum 3 meter bort frå stikkrenna. Eventuell plassering nærmare enn dette, må avklarast med Vegseksjon Nord-, Midt- og Sunnhordland v/ Øystein Hagesæther tlf 56342954 / 97674634, oystein.hagesather@vegvesen.no.



11. Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no. Vi ber om at det vert vist til vårt saksnummer 15/207206 ved innlasting av arbeidsvarslingsplanen.

Arbeidsvarslingsplanen knytt til denne saka må omfatte tre fasar:

- Opparbeiding av avkørysle
- Mellombels bruk av avkørysle
- Stenging av avkørysle med opparbeiding av grøft

12. Det kan pårekna til å nytte mellombels avkørysle i inntil 4 veker. Start- og slutt dato for mellombels løye vert avklara i arbeidsvarslingsplan, jamfør punkt 5 og 11. Når perioden for mellombels bruksløye er over, skal avkørysla stengast ved at det vert etablert grøft langs fylkesvegen. Grøfta skal ha same djupne som øvrig veggrøft langs vegen og vere utforma på ein måte som hindrar at sideareal langs vegen kan nyttast til parkering.

Vidare saksgang

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen ved at tiltakshavar tar kontakt med sakshandsamar.

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing


Sindre Lillebø
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.


PRINSIPPSKISSE




Tilsvarande sikt lengder som vist på tegningen må også gjøres gyldige for trafikken som kommer på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m over hovedvegens nivå

Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:



<p>(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Statens vegvesen Region vest Askedalen 4 6863 LEIKANGER</p>	<p>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje ledet)</p>
<p>(3) Mottakar (namn og adresse) Bjørn Ingvar Eidsheim Hindenesvegen 181 5993 OSTEREIDET</p>	<p>(2) Dato 21.12.2015</p>
	<p>(4) Klageinstans Hordaland fylkeskommune</p>

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.

Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
Kven kan De klage til?	Kлага sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgi datoен for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Kлага må underskrivast.
Utsetjing av gjennom- føringa av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjord.
Rett til å sjå saksdoku- menta og til å krevje rettleiring	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiling om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltinga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltinga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltinga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjord i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.

Særlege opplysningar